

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 27.03.2015

Vår ref.: 201106573-8, 200900318-11, 201101110-9,
201205014-11, 201404142-8

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Erlend Støle Hansen 22 95 98 26

Auen Korbøl 22 95 93 44

Fleire søkjarar – Søknad om løyve til å byggje fem småkraftverk i Luster kommune i Sogn og Fjordane – høyring

NVE har motteke søknadar om løyve til å byggje fem småkraftverk i Luster kommune. Søknadane skal handsamast samtidig og samla belastning for regionen skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men og alle sakene samla dersom det er aktuelt.

Kinsedal kraftverk – Blåfall AS

Kinsedal kraftverk vil nytte eit fall på 205 m i Kinsedalselvi med inntak på kote 207 og kraftstasjon på kote 2. Vassvegen på om lag 1300 m er planlagt nedgraven/nedsprengd på heile strekninga langs sør-austsida av Kinsedalselvi. Det er planlagt permanent traktorveg til inntaket med lengde omtrent 700 m og 20 m ny permanent veg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 1,44 m³/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 4,2 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 6,54 MW og etter planane gje ein produksjon på 15,45 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1500 m lang elvestrekning i Kinsedalselvi. Det er planlagt slepp av minstevassføring frå inntaket på 120 l/s i perioden 1/5-30/9 og 60 l/s resten av året.

Kveken kraftverk – Blåfall AS

Kveken kraftverk vil nytte eit fall på 290 m i Kinsedalselvi med inntak på kote 525 og kraftstasjon på kote 235. Vassvegen på om lag 2700 m er planlagt nedgraven/nedsprengd på heile strekninga langs nord-vestsida av Kinsedalselvi. Det er planlagt opprusting av eksisterande veg til Kveken, om lag 200 m ny permanent kjøresterkt terreng til inntaket og om lag 170 m permanent skogsbilveg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 1,08 m³/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3,0 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 6,85 MW og etter planane gje ein produksjon på 16,5 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 3000 m lang elvestrekning i Kinsedalselvi. Det er planlagt slepp av minstevassføring frå inntaket på 100 l/s i perioden 1/5-30/9 og 40 l/s resten av året.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Mordøla kraftverk – Mordøla Kraft SUS

Mordøla kraftverk vil nytte eit fall på 363 m i Mordøla med inntak på kote 380 og kraftstasjon på kote 17. Vassvegen på om lag 830 m er planlagt som 360 m sjakt, 350 m tunnel og ein kortare nedgraven røyrgate i nedre del. Inntaket er planlagt bygd ved hjelp av helikopter og det er planlagt om lag 80 m ny permanent veg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 668 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1620 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,95 MW og etter planane gje ein produksjon på 12,1 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1100 m lang elvestrekning i Mordøla. Det er planlagt slepp av minstevassføring frå inntaket på 150 l/s i perioden 1/5-30/9.

Åselvi kraftverk – Norges Småkraftverk AS

Åselvi kraftverk vil nytte eit fall på 635 m i Åselvi med inntak på kote 650 og kraftstasjon på kote 15. Vassvegen på om lag 1400 m er planlagt som 1235 m profilboret tunnel i øvre del og ein kortare nedgraven røyrgate i nedre del langs nord-austsida av Åselvi. Inntaket er planlagt bygd ved hjelp av helikopter og det er planlagt om lag 40 m ny permanent veg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 388 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 776 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,3 MW og etter planane gje ein produksjon på 11,8 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1250 m lang elvestrekning i Åselvi. Det er planlagt slepp av minstevassføring frå inntaket på 51 l/s i perioden 1/5-30/9 og 17 l/s resten av året.

Rydøla Kraftverk – Luster Småkraft AS

Rydøla kraftverk vil nytte eit fall på 540 m i Rydøla med inntak på kote 575 og kraftstasjon på kote 35. Viergrovi skal overførast til inntaket via eit 240 m langt røyr. Vassvegen på totalt 1410 m er planlagt som ein kombinasjon av røyr i grøft og sjakt/tunnel i fjell. Inntaket er planlagt bygd ved hjelp av ein veg som er under bygging inn til stølen i Rydalen, og det må byggast 50 m ny permanent veg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 680 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1705 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 7,9 MW og etter planane gje ein produksjon på 14,9 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1560 m lang elvestrekning i Rydøla. Det er planlagt slepp av minstevassføring frå inntaket på 400 l/s i perioden 1/6-31/8 og 100 l/s resten av året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Luster kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Rådhuset i Gaupne og biblioteket i Gaupne fram til **30.06.2015**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **30.06.2015**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.



Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Erlend Støle Hansen
avdelingsingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Mottakerliste:

Berit Anny Nyheim
Blåfall AS
Blåfall AS v/Odd-Arvid Rønning
Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Kystverket Vest
Luster Energiverk AS
Luster Jakt og Fiskelag
Luster kommune
Luster Turlag
Mattilsynet
Miljødirektoratet
Mordøla kraft AS
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
NHO Reiseliv Region Vest-Norge
Norges Jeger- og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane
Norges Miljøvernforbund
Norges Småkraftverk AS
Norges Småkraftverk AS v/David Inge Tveito
Norsk Ornitologisk Forening Sogn og Fjordane
SFE Nett AS
Småkraft AS v/Martin Vangdal
Sogn og Fjordane Bondelag
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sogn og Fjordane Turlag
Statens Vegvesen - region vest
Statnett SF
Vest-Jotunheimen villreinområde
Villreinnemnda for Sogn og Fjordane